

# Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

28. september 2012



DET KONGELEGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

## PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 28. september 2012 kl. 10.00 var det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som telefonmøte.

### Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Sal av eigedom, jf. lov om helseforetak § 31

### Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold (etter fullmakt frå statsråden)

### Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen  
Gerd Dvergsdal

Torhild Selsvold Nyborg  
Olin Johanne Henden

### Frå administrasjonen møte

Eigardirektør Ivar Eriksen (etter fullmakt frå administrerande direktør)

### Også til stades

Avdelingsdirektør Astri Knapstad

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møtte ikkje.

### Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden og fullmakt frå administrerande direktør i Helse Vest RHF. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Oddvard Nilsen og ekspedisjonssjef Frode Myrvold blei valde til å skrive under protokollen. Frode Myrvold overlet møteleiinga til styreleiar Oddvard Nilsen.

### Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsendte dagsordenen. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

### Sak 3 Sal av eignedom, jf. lov om helseforetak § 31

Det blei vist til brev frå Helse Vest RHF av 26. juni 2012 der føretaksmøtet blei bedt om å behandle spørsmål om sal av fast eignedom på bakgrunn av styret sitt vedtak i sak 079/12B.

Saka gjeld sal av eignedommen Askviknes, gnr. 24 bnr. 6 i Os kommune. Eignedommen er eigd av Helse Bergen HF.

#### Føretaksmøtet vedtok:

- 1. Føretaksmøtet godkjenner, ut frå sak 079/12B med tilhøyrande vedtak i styret i Helse Vest RHF, sal av eignedommen Askviknes, gnr. 24, bnr. 6 i Os kommune.*
- 2. Helse Vest RHF må sikre at verneinteressene som er knytte til dei freda bygga blir tekne omsyn til.*
- 3. Midlar som blir frigjorde ved salet skal nyttast til nedbetaling av gjeld eller investeringar i varige verdiar.*
- 4. Føretaksmøtet presiserer at ved vurderinga av oppnådde resultat i Helse Vest RHF vil ein sjå hen til eingongseffektar som gevinst eller tap frå sal av eignedom.*
- 5. Føretaksmøtet legg til grunn at salet blir teke med i betraktninga når departementet gjer vurderingar av Helse Vest RHF sitt framtidige behov for langsiktige lån.*
- 6. Føretaksmøtet viser til protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 28. januar 2011, sak 6 og minner om nødvendig dialog og informasjon med aktuelle kommunar og fylkeskommunar om alle planlagde sal av eignedom.*

Møtet vart heva kl. 10.10.

Oslo 28. september 2012



Frode Myrvold



Oddvard Nilsen